

### **Friidretts sesongen 2013**

Friidrettsgruppa hadde 21 tilskipingar i sesongen 2013: 1 innandørsstemne, 10 vinterkaruselløp, 2 skulestemner, 4 seriestemner og 4 sommarkarusellar. I alt var det ca. 1 810 startar på desse stemnene, noko som var ca. 220 fleire enn i 2012.

I dei ti løpa i vinterkarusellen var det 714 startar, som var 131 fleire enn førre sesong. I det siste løpet 6. april var det 105 deltakarar. Det var første gong sidan 4. løpet i sesongen 1998-99 at det var over 100 startande. I dei første løpa i den nye sesongen (2013-14) har talet på deltakarar vore 296 i alt.

Sommarkarusellen for gutar og jenter vart arrangert for nittande året på rad. Oppslutnaden var god på to av stemnene. Til saman deltok 10 gutar og 28 jenter i karusellen i 2013, sju fleire enn året før. Skulestemnene som Ostereidet ungdomsskule står for, vart skipa til med god deltaking også denne sesongen. Takk til skulen for at dei tek på seg desse stemnene.

I KM menn sneior 10 000 m tok Jo Harald Færø sølvmedalje. I NM for veteranar sikra Brynjar Nordanger seg bronse på 200 m i klasse MV4 (50-54). Ved KM for veteranar vart det seks gull, to sølv og ein bronse på deltakarar frå Eikanger IL. Gullmedaljane var det Arvid Hauge (3), Einar Færø (2) og Brynjar Nordanger (1) som vann.

I friidrettsseriane hamna gutane på 10. plass i 1. divisjon (nr. 2 i 2. div. i 2012). 2. laget for gutar vart nr. 4 i 3. div. og 3. laget vart nr. 4 i 3. divisjon. Jentene hadde 7. plass i 1. divisjon (nr. 5 i 2012), medan 2. laget for jenter vart nr. 4 i 3. div. og 3. laget vann 4. div. Resultata som ligg til grunn for desse plasseringane, er i det alt vesentlege oppnådde ved skulestemnene.

For menn senior vart det 9. plass i 3. divisjon (2012: 5. plass). *I veteranklassen vart det 4. plass i 2. div. (2011: nr. 3).*

Friidrettsgruppa hadde to møte i 2013 og avtala elles arbeidsoppgåver i samband med stemner.

Nettsida til friidrett under [www.eikangeril.no](http://www.eikangeril.no) vart brukt av fleire enn nokon gong før i 2013. *Trafikket for heile året var 21 557 (pr. 21.12.), ein auke på ca. 3000 frå året før.* Det høgaste månadstalet nokon gong vart notert i oktober 2013 med 2 839.

Det er stort sett veteranar som held friidrettsgruppa i gang, og me håpar dei vert med nokre år til. Men det er eit sterkt ønskje og stort behov for å få nye og yngre krefter til å føra friidretten vidare med glød og interesse, det gjeld både personar til tillitsverv og trenaroppgåver.

*Friidrettsgruppa*